

# **LOKAL PLAN FOR OVERGANG FRÅ BARNEHAGE TIL HELLAND BARNESKULE**

**GJELD BARNEHAGANE SOM SOKNAR TIL HELLAND KRINS: HELLAND  
BARNEHAGE, TRESFJORD BARNEHAGE, VÅGSTRENDÅ BARNEHAGE,  
TRYGGHEIM BARNEHAGE, VIKE MONTESORRIBARNEHAGE**

Viser til Kommunal plan for overgang mellom barnehage og skule. Begge planar skal presenterast på foreldremøte i barnehagen om hausten.

## **1. Opplegg for barna i barnehagen siste barnehageåret.**

- a. Barnehagane: kallar dei som går siste året i barnehagen for førskulegruppe/ klubb. Desse samlast ein fast dag i veka, kor innhaldet er utarbeida i fellesskap mellom pedagogane på storbarn. Ansvarleg styrar sendar den pedagogiske plana for gruppa/ klubben til Helland barneskule v/ rektor i løpet av mars månad. Rektor vidaresendar denne plana til personalet som skal ha barna på skulen.
- b. Felles barnehagetreff i mai/juni der barnehagane møtast med sine skulestartarar for å bli betre kjent.

## **2. Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i barnehagane.**

- a. Dette gjer vi ved å tilby dei eldste barna alderstilpassa aktivitet som innbyr til leikebasert læring med fokus på sosial kompetanse, sjølvregulering, matematikk og språk. Vi vil også gi borna ei felles kunnskapsmessig plattform innan ulike tema dei vil møte i skulen gjennom mange praktiske oppgåver. I tillegg til dei faglege måla vil det også leggast vekt på å utvikle evna til konsentrasjon, sjølvstende og å kunne ta og følgje opp beskjedar.

## **3. Tilvenning/besøksdagar på SFO**

- a. Besøksdag på SFO i vinterferien, SFO invitera barnehagane.
- b. Besøksdag på SFO i mai kor føresette følgjer barna.

## **4. Innskriving/førskuledag ved Helland barneskule tidleg mai månad.**

- a. Invitasjon blir sendt ut til foreldre som har barn registrert til Helland barneskule sin skulekrins. Barn og foreldre blir invitert til besøksdag på kvelden kl. 17.00-19.00. Grilling ved gapahuken, omvising og leik.

## **5. Markering av barnehageavslutninga.**

- a. Helland barnehage: Klubben har eigen avslutningstur ilag i juni. Føresette får vere med på markering av barnehageavslutninga på sommarfesten, kor klubbane har eit eige songinnslag og får utdelt permane sine og ei rose kvar.
- b. Tryggheim barnehage: Førskulegruppa har avslutningstur i lag i mai/ juni og overnattar ei natt på Vestheim i juni. I tillegg vert det gjort litt ekstra stas på dei som skal over i skulen når heile barnehagen har “barnehagekveld” i mai/ juni. Då får dei eit gratis abonnement på nettstaden “Superblink” - ei gåve frå den lokale misjonsforeininga.

- c. Tresfjord barnehage: Klubben har eigen avslutningstur i juni, samt sommaravslutning med markering av barna som skal over i grunnskulen.
- d. Vågstranda barnehage: Sommaravslutning med markering av barna som skal over i grunnskulen. I tillegg vert det gjort litt ekstra stas på dei som skal over i skulen når barnehagen har “barnehagekveld” i mai/ juni.

## **6. Foreldreinformasjon.**

- a. Barnehagane: Planane «kommunal plan for overgang mellom barnehage og skule» og «lokal plan for overgang barnehage og skule» vert lagt fram for føresette på foreldremøte om hausten. Viser elles til heimesida til Vestnes kommune der foreldre kan finne nyttig informasjon om Helland barnehage, Tresfjord barnehage, Vågstranda barnehage  
<https://www.vestnes.kommune.no/tenester/barnehage/> Tryggheim barnehage  
<http://tryggheim-vestnes.barnehage.no/> og Vike Montessoribarnehage  
<http://www.vikebarnehage.no>
- b. Barnehagane må i løpet av mars månad avklare med føresette om der er barn som skal begynne på anna skule enn Helland barneskule.
- c. Helland barneskule: Foreldremøte før 15. mars månad informasjon om skulen. Viser elles til heimesida til Vestnes kommune der foreldre kan finne nyttig informasjon om skulen <https://www.vestnes.kommune.no/tenester/skule-og-utdanning/>

## **7. Overføringsamtale mellom barnehagane og skule**

- a. Barnehagane: I forkant av samtaLEN har pedagogane foreldresamtale med føresette der dei skriv under på samtykke om kva som skal takast opp på overføringsmøte. Tema for samtaLEN er utarbeidd i samarbeid med Helland barneskule for å sikre barnet ein trygg og god overgang frå barnehagane og over til Helland barneskule.
- b. Ved evt. overføringsamtale med skular som barnehagane ikkje soknar til, vert det ved behov gjennomført telefonsamtale.